

Kvittering på innsendt høringsvar på Brev til kommunene om bedre polititjenester og beredskap

Hørings saksnummer: 22/535

Hørings: Brev til kommunene om bedre polititjenester og beredskap

Levert: 05/31/2022 20:03:19

Svartype:

Jeg svarte som: Kommune

Avsender: Vaksdal kommune

Kontaktperson: Lin Tove Thomassen

Kontakt e-post: lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Betre lokale polititenester - Uttale frå Vaksdal kommune

Voss Politistasjonsdistrikt omfattar kommunane Eidfjord, Ulvik, Voss, Vaksdal og Osterøy. I dag er det politistasjon på Osterøy (opningstid måndag og onsdag kl. 10.00-14.00) og Voss (opningstid mån-tors 09.00-14.30). Distriktet skal tena om lag 30 000 innbyggjarar og 5226 km²

Etter nærpoltireforma har tal polititenestemenn per 1000 innbyggjar vore 0,9. Voss Politistasjonsdistrikt er no mellom dei lågast bemanna i landet. I desember 2021 måtte ein avvikla 24/7-vaktordning som ein starta opp i januar, grunna nedbemanning iløpet av året. Dette førte til ustabile arbeidsforhold for dei tilsette som no har bytt vaktordning to gonger på under eitt år. For å klare 24/7-vaktordninga måtte ein ta ressursar frå førebyggande arbeid inn i turnus.

Regjeringa har auka løvingane til politiet med 200 millionar på statsbudsjettet for 2022. Dette er eit godt grep og ei målretta satsing på fleire stillingar som me ordførarar er svært glade for at regjeringa fekk på plass.

Ordførarane vil likevel gjere merksam på at når Vest politidistrikt sin del av desse 200 millionane kjem, så må dei bli prioritert vidare ut i politistasjonsdistrikta. Vest Politidistrikt har blitt styrka med 262 polititenestemennstillingar dei siste ti åra. 0,4 stilling av dette er komen til Voss Politistasjonsdistrikt. Det er gode grunnar til å styrke kapasiteten i Bergen, landets nest største by, men me vil likevel peike på at Voss Politistasjonsdistrikt som dekker eit geografisk område på 5226 km² har behov for ei vesentleg styrking med 6 til 7 stillingar. Desse stillingane vil ein nytte til å ha to patruljar i helgene, ein vil styrke bemanninga på Osterøy, prioritere førebyggande arbeid og starte opp igjen 24/7-tenesta. Samla vil dette heve kvaliteten på tenesta i heile distriktet og vera avgjerande for å kunne levere ei trygg og føreseieleg teneste til innbyggjarane. Ordførarane held særleg høgt det viktige førebyggande arbeidet retta mot ungdom, dette må ikkje bli ein salderingspost.

Med ei styrking på 7 stillingar vil ein auke tal polititenestemenn per 1000 innbyggjar til 1,14 i distriktet vårt.

På grunnlag av vår tidlegare uttale har me følgjande svar på spørsmåla stilt av justisministeren:

1. Hvilke utfordringer mener dere kommunen vil stå overfor innenfor områdene forebygging, beredskap og sivile tjenester de neste årene?

Svar:

Den største utfordringa er nok kapasitet til å løysa desse oppgåvene. Erfaring viser at når eit politidistrikt som vårt er lågt bemanna, er det fyrst og fremst førebyggjande arbeid, beredskap og sivile tenester som vert råka. Brannvernet vårt merkar at politiet har lang utrykkingsveg fram til skadestad. Spesielt ved hendingar på dagar med mykje trafikk kan utsynstida bli lang, som igjen fører til at brannmannskap vil ha ansvar for ein skadestad over ein lang periode. Med tanke på at Brannvesenet er den einaste naudetaten som er basert på deltid vil dette føre til stor belastning for eit personell som ikkje har like mykje tid til kursing og øving som heiltidspersonell. Det har og hendt at dei har mått ta både bilet og personalia ved mindre ulykker då det har vore uhensiktsmessig for politiet å køyre fram til skadestad. Brannvernet har varetatt rusa personar som vandrar i tunnel i påvente av politi, og dei uroar seg for den utviklinga dei ser i høve å måtte gripe inn i farlege situasjonar i påvente av at politiet skal rekke fram. Dette kan gjerast noko med ved å styrka grunnbemanninga i politistasjonsdistriket.

2. Er kommunen tilfreds med politiets bemanningsutvikling, tjenestedistriktsstruktur og tjenestetilbud? Hvis ikke, hva er årsakene?

Svar:

Som det og går fram av skildringa overfor så er me langt frå nøgd. Me er svært lågt bemanna i eit område med mange innbyggjarar, stort areal og i sesong store mengder gjester.

3. Både kommunen og politiet har ansvar for å sikre innbyggernes trygghet og gode tjenester. Hvordan kan polititjenestene og samarbeidet mellom kommunen, politiet og ev. andre lokale aktører som nabokommuner og fylket videreutvikles for å sikre dette? Hvilke ressurser ser kommunen for seg at de kan avsette til videreutvikling av samarbeidet om å sikre innbyggernes trygghet?

Svar:

Nøkkelen her og er nok ressursar slik at kommune og politi saman kan driva eit godt førebyggjande arbeid. Vidare kan me utvikla samarbeidet med andre organisasjonar som også gjer ein stor innsats for å redusera uønska atferd og som kan begrensa kriminalitet. Når det gjeld førebygging må kommunen vera tydeleg på den rolla dei har i all planlegging, men og at i kriser og beredskap så kan heile kommuneorganisasjonen mobiliserast. Eit aktivt politiråd og beredskapsråd er her viktig for å sikra samhandling på tvers og for å vera kjent med kvarandre sin kunnskap og kapasitet.

4. Hva er ønsket utvikling når det gjelder tilgjengeligheten til politiets tjenester? - Via et tjenestedistrikt i politiet? - Via fysisk tilstedeværelse annet sted enn på et tjenestedistrikt? - Via fysisk oppmøte? - Via telefon? - Via internett?

Svar:

I eit stort distrikt som Voss politistasjonsdistrikt vil det vera ein kombinasjon av tenestestad og tilgjengeleg på andre plassar enn tenestestad.

5. Ønsker kommunen et nytt tjenestedistrikt i politiet? Hvis ja, kan kommunen tilby lokaler, for eksempel samlokalisering med andre kommunale

tjenester?

Svar:

Det viktigaste for Vaksdal kommune er tilstrekkeleg bemanning i politistasjonsdistriktet, gode nok ressursar til det viktige forebyggande arbeidet for ungdom og tryggleik for at det er politi tilgjengeleg når det skjer alvorlege hendingar. Det fins tilgjengelege lokale i Vaksdal kommune, og me ser gjerne at det vert reetablert tenestested her.

**Alle svar må gjennom en manuell godkjenning før de blir synlige på
www.regjeringen.no.**